



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
16/2145

Dato
20.10.2017

Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk i Rauma kommune i Møre og Romsdal - klager på vedtak

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Molde og Romsdals Turistforening klager i brev av 22.1.2016 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine løyve av 18.12.2015 til bygging av kraftverka Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva.

NVE har ikkje funne grunnlag for å gjere om sine vedtak, og har sendt sakene til departementet i brev datert 22.4.2016.

1. Bakgrunn

NK Småkraft AS søkte 11.9.2015, 17.11.2014 og 11.9.2015 om konsesjon til bygging av høvesvis Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk.

Rabbelva kraftverk vil nytte eit fall på 220 m i Rabbelva mellom inntak på kote 365 og kraftstasjon på kote 145. Det er gitt løyve til ei slukeevne på 1,78 m³/s, som svarar til om lag 265 % av middelvassføringa, og installert effekt på 3,3 MW. NVE har fastsett slepp av minstevassføring på 200 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 40 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 8 GWh.

Morgådalselva kraftverk vil nytte eit fall på 362 m i Morgådalselva mellom inntak på kote 445 og kraftstasjon på kote 83. Det er gitt løyve til ei slukeevne på inntil 1,2 m³/s, som svarar til 255 % av middelvassføringa, og installert effekt på 3,6 MW. NVE har fastsett slepp av minstevassføring på 160 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 30 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 9,2 GWh.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 50
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Vegard Hotvedt
Strømsvåg
22 24 62 53

Loftdalselva kraftverk vil nytte et fall på 222 m mellom inntak på kote 415 og kraftstasjon på kote 193 i Loftdalselva. Kraftverket er planlagt med ei slukeevne på 3,1 m³/s, som svarar til 256 % av middelvassføringa, og installert effekt på 6 MW. NVE har fastsett slepp av minstevassføring på 420 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 70 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 14 GWh.

NVE har sendt søknadene på høyring saman med 7 andre søknader i Rauma og Nesset kommunar. **Rauma kommune** er positiv til utbyggingane av Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk, men ber om at det blir stilt vilkår i tråd med gul sone i kommunens vassdragsplan. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** rår i frå utbygging av Rabbelva og Loftdalselva kraftverk og er i tvil om det bør givast konsesjon til bygging av Morgådalselva kraftverk. Fylkesmannen viser til at Rabbelva kraftverk vil ha ulemper for landskap og at Loftdalselva vil ha ulemper for landskapsverdiar og ei bekkekløft. **Møre og Romsdal fylkeskommune** rår frå utbygging av småkraftverk i Isfjorden av omsyn til urørtheit, friluftslivsinteresser og nærleik til verneområde. **Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal** er imot utbyggingane av omsyn til landskap, biologisk mangfald og brukarinteresser. **Dovrefjell nasjonalparkstyre** peikar på at inntaka for de tre kraftverka vil ligge nært inntil verneområde (Eikesdalsvatnet landskapsvernområde og Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde).

2. NVE sine vedtak

Følgjande er referert frå NVE sitt samandrag i vedtak for Rabbelva kraftverk av 18.12.2015:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Rabbelva kraftverk vil bidra med ca. 8 GWh ny fornybar kraftproduksjon med begrensede miljøeffekter gitt avbøtende tiltak. Hensynet til landskap og biologisk mangfold er imidlertid vektlagt. En utbygging uten permanent vei til inntaket og flytting av kraftstasjonen slik at den ikke berører naturtypen gammel, fattig edelløvskog vil til en viss grad redusere de negative virkningene for landskap og ivareta biologisk mangfold. Under forutsetning av at de avbøtende tiltakene blir gjennomført mener NVE at de negative virkningene for allmenne og private interesser er akseptable."

Følgjande er referert frå NVE sitt samandrag i vedtak for Morgådalselva kraftverk av 18.12.2015:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Morgådalselva kraftverk vil være et bidrag til fornybar kraftproduksjon med begrensede miljøeffekter gitt avbøtende tiltak. Hensynet til anadrom fisk er vurdert, og med krav om omløpsventil mener vi at den anadrome strekningen i Morgådalselva kan ivaretas i tilstrekkelig grad. Under forutsetning av at de avbøtende tiltakene blir gjennomført mener NVE at de negative konsekvensene kan reduseres i en slik grad at virkningene for allmenne og private interesser er akseptable."

Følgjande er referert frå NVE sitt samandrag i vedtak for Loftdalselva kraftverk av 18.12.2015:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Loftdalselva kraftverk vil være et bidrag til fornybar kraftproduksjon med begrensede miljøeffekter gitt avbøtende tiltak. Hensynet til landskap og biologisk mangfold er imidlertid vektlagt. En utbygging med vannveien som tunell i fjellet og uten vei til inntaket vil redusere de negative konsekvensene for landskap og brukerinteresser i området og redusere påvirkningen på registrerte naturtyper. Med slipp av tilstrekkelig minstevannføring hele året vil tiltaket etter vår vurdering ivareta hensynet til biologisk mangfold og allmenne interesser i tilstrekkelig grad slik at virkningene for allmenne og private interesser er akseptable samtidig som tiltaket vil gi ca. 14 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon."

3. Klagene

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (Naturvernforbundet) og Molde og Romsdal Turistforening har klagt på NVE sine løyver til bygging av Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk.

Følgjande er referert frå Naturvernforbundet sin konklusjon i klagen for Rabbelva kraftverk:

"...

Ganske mykje av røytraseen er ikkje undersøkt av biolog. Biologen har bomma heilt på utstrekning, type og verdi av edellauvskogen i området, og kjem dermed gale ut med konsekvensar m.v. av ei utbygging. Den biologiske kartlegginga har svært store manglar. Plasseringa av røyrgata har vore omskiftande, og plasseringa på kart dagsett 9.9.2015 er det få eller ingen som har fått sjekka nærare, bortsett frå kanskje utbygger. Verknaden på turstien, både visuelt og når det gjeld lyd er undervurdert, og verknaden på det større stinettet er ikkje vurdert.

Med slike føresetnader, kan ein ikkje gi konsesjon for utbygging. Søknaden må anten avslåast, eller vedtaket opphevast, slik at det kan gjerast undersøkingar av biologisk mangfald som har samband med det faktisk planlagde anlegget.

Med ein utbyggingspris på 4,81 kr/kWh vil det vere umogleg at dei positive verknadene av tiltaket veg opp for dei negative påverknadene for biologisk mangfald og friluftslivet spesielt. Føresetnadene for å gi konsesjon til dette prosjektet er ikkje til stades."

Følgjande er referert frå Naturvernforbundet sin konklusjon i klagen for Morgådalselva kraftverk:

"...

Den biologiske undersøkinga er så mangelfull at det har gitt feil grunnlag for vedtak. Vegframføring får stor verknad for landskapet nede i dalen og likeeins i fjellet. Verdien av området for friluftslivet er undervurdert. Vasskraftutbygginga har fått sitt, sjølv om dei ikkje bygger ut Morgådalselva."

Følgjande er referert frå Naturvernforbundet sin konklusjon i klagen for Loftdalselva kraftverk:
"...

Den mest interessante fjerdedelen av elvestrekninga som blir berørt er knapt besøkt av biolog. Den biologiske undersøkinga slår fast at det er ein bekkekløftlokalitet på staden, men er så mangelfull at ein verken veit utstrekning eller verdi på lokaliteten. Sweco har oversett to store edellaauvskogslokalitetar i influensområdet, og Jordal har funne 3 raudlisteartar i naturbeitemarka som Sweco har oversett. Dette har gitt feil grunnlag for vedtak. Verdien av området for friluftslivet er undervurdert. Utbyggingsprisen er svært høg (4,67 kr/kWh ifølgje revidert søknad, NVE bruker 3,80 kr/kWh som var aktuell før planendring) og vil umogleg kunne gi ein fordel av dette tiltaket som kan vege opp for dei negative verknadane på landskap, friluftsliv og biologi. Føresetnadene for å gi konsesjon til dette prosjektet er ikkje tilstades."

Molde og Romsdal Turistforening syner i klagen til klagene frå Naturvernforbundet og fråsegna til Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal.

4. Departementet sine merknadar

Løyve kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynt for å grunngje avgjerdene. Departementet kan òg ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tatt opp av klagarane.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Rabbelva kraftverk

Tiltaksområdet for Rabbelva kraftverk har verdiar for friluftsliv. Det går ein tursti opp langs sørsida av Rabbelva via Nyheia og vidare inn til Eikesdalsvatnet. Det er i fleire av dei innkomne fråsegnene lagt vekt på at turstien opp langs Rabbelva er viktig for friluftsliv og brukarinteresser i Grøvdalen.

Naturvernforbundet uttalar at turstien er del av eit større nettverk av stiar av nasjonal verdi. Utbygginga vil vere øydeleggende for vidare satsing på naturbasert reiseliv. Etter Naturvernforbundet si vurdering vil framføringa av røyrgata bli eit vesentleg inngrep som følgje av at terrenget i øvre del er sidebratt og vanskeleg å bygge i. Naturvernforbundet syner òg til at mindre lyd frå elva vil vere uheldig for opplevingsverdien.

NVE meiner at det ved ei utbygging er viktig at røyrgatetraseen blir så smal som mogleg og at anleggsvegen ikkje blir lagt i slynger der terrenget er bratt, men følgjer røytraseen for å unngå eit for bredt ryddebelt. Vidare meiner NVE at med god arrondering og tilbakeføring av anleggsvegen til kjøresterkt terreng, vil verknadane for landskap bli redusert til eit akseptabelt nivå. Dette er sett som føresetnad i NVE sitt vedtak.

Morgådalselva kraftverk

Morgådalen har nokon verdiar for landskap og friluftsliv. Øvre del av tiltaksområdet er landskapet ope og omkransa av fjelltoppar som mellom anna er nytta til fjellklatring.

Naturvernforbundet meiner at anleggsvegen vil vere godt synleg i byggeperioden og at inngrepet vil vere synleg i fleire år sjølv om det er sagt at vegen vil bli tilbakeført etter utbygging. Naturvernforbundet syner til at det går ein sti i området og at opplevinga frå denne vil bli negativt råka.

NVE meiner at Morgådalselva kraftverk vil ligge i eit område med moderate landskapskvalitetar i nedre del, mens øvre del av utbygginga vil vere delvis synleg frå nærliggande fjellområde. Sidan det er knytt ein del brukarinteresse til desse fjellområde er det etter NVE sitt syn viktig å avgrense dei visuelle verknadane av ei utbygging. NVE vurderer at ei teknisk løysing med coandainntak og god arrondering vil redusere verknadane for landskap og friluftsliv til eit akseptabelt nivå.

Loftdalselva kraftverk

Loftdalen har verdier for landskap og friluftsliv. Loftdalen er inngangsport til høgareliggande fjellområde og dalen er i seg sjølv òg eit viktig turområde for lokalbefolkninga.

Naturvernforbundet syner til at Loftdalselva har små tekniske inngrep når ein er komen til Stølen, og at stiane vidare førar til områder med store og gode urørte kvalitetar. Naturvernforbundet uttalar at Loftdalselva kraftverk vil endre og redusere det urørte området som følgje av lågare vassføring. Kraftstasjon og eventuell tipp vil ligge såpass nær stien at det vil vere negativt for fotturistar, særleg i anleggsperioden, men òg seinare.

NVE meiner at utbyggingsalternativet med vassvegen i tunnel frå inntak ned til påhogg om lag 40 meter ovanfor planlagt kraftstasjonsplassering, vil redusere ulempene for landskap og friluftsliv. Vidare meiner NVE at slepp av minstevassføring, og overlaup over dammen ved høge vassføringar, vil bidra til å oppretthalde noko av elva sin landskapsverdi for dei som ferdast langs turstien. NVE si vurdering er at konsekvensane for landskap og friluftsliv med dette vil vere akseptabel.

Olje- og energidepartementet si vurdering

Tiltaksområda for Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk har verdier for friluftsliv m.m. Etter departementet sitt syn har søkjar lagt vekt på å redusere konflikten med desse verdiane. NVE har i vedtaka òg sett krav som reduserer ulempene. Etter departementet si vurdering vil utbygging av kraftverka, i tråd med NVE sine vedtak, ha akseptable negative konsekvensar for landskap, friluftsliv og brukarinteresser.

Naturmangfald

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger sin vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknadar av 17.11.2014 med tilhøyrande rapportar om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sine bakgrunn for vedtak av 18.12.2015 (KSK-notat 101/2015, 102/2015 og 103/2015).
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratets Naturbase.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved gjennomførte utgreiningar og høyringar til at vedtak kan bli gjort. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskap som blir kravd om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst.

Rabbelva kraftverk

Tiltaksområdet er synfart og konsekvensvurdert av Sweco på oppdrag frå søkjar. Det er registrert ein førekomst av naturtypen gamal fattig edellauvskog i lia mellom Rabbelva og Høgseterelva. Lokaliteten er vurdert til å vere av regional verdi (B). I lokaliteten er det innslag av alm, som har status som sårbar (VU) i Rødlista 2015.

Naturvernforbundet meiner at kartlegginga av biologisk mangfald er for dårleg. Naturvernforbundet syner til at mykje av røyrtraseen ikkje er undersøkt av biolog. Vidare meiner Naturvernforbundet at søknaden sin gjennomførte kartlegging har bomma på utstrekning, type og verdi på edellauvskogen og at konsekvensvurderinga dermed er feil.

NVE vurderer at rapporten om biologisk mangfald, innkomne fråsegner og sjekk av tilgjengelege databasar, gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak. NVE meiner at ei utbygging i tråd med dei nyaste planane i liten grad vil påverke den registrerte edellauvskogen. Som følgje av at det er noko usikkerheit om avgrensinga, meiner NVE at dette må takast omsyn til i detaljplangodkjenninga. NVE har sett som krav at "*Rørgata skal så vidt mulig legges utenom den registrerte naturtypen*".

Morgådalselva kraftverk

Tiltaksområdet er synfart og konsekvensvurdert av Sweco på oppdrag frå NK Småkraft AS. Det er anadrom fisk i nedre delar av vassdraget. Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller artar med status som nær truga eller truga i Rødlista 2015 som vil bli nemneverdig påverka av Morgådalselva kraftverk.

Naturvernforbundet meiner at kartlegginga av biologisk mangfald er mangelfull. Naturvernforbundet peikar mellom anna på at Sweco har oversett artar som er lette å sjå, at området har kalkkrevjande artar og at delar av planlagt vegtrasé ikkje er kartlagt.

NVE vurderer at rapporten om biologisk mangfald, innkomne fråsegner og sjekk av tilgjengelege databasar, gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak. NVE meiner at det under detaljplangodkjenninga må bli lagt vekt på å finne ei kraftstasjonsplassering som i størst mogleg grad tek omsyn til anadrom fisk. NVE har vidare sett krav om omlaufsventil med minimum 50 % av maksimal slukeevne.

Loftdalselva kraftverk

Tiltaksområdet er synfart og konsekvensvurdert av Sweco på oppdrag frå NK Småkraft AS. Det er registrert førekomstar av naturtypene naturbeitemark, rik edellauvskog og bekkekløft i influensområdet. Lokalitetane med naturbeitemark og rik edellauvskog er vurdert til å vere av regional verdi (verdi B). Bekkekløftlokaliteten er vurdert til å vere av lokal verdi (verdi C).

Naturvernforbundet meiner at kartlegginga av biologisk mangfald er mangelfull. Naturvernforbundet syner mellom anna til at kartlegginga har oversett to edellauvskoglokalitetar og tre raudlista soppartar i tilknytning til naturbeitemarka. I følgje Naturvernforbundet må verdi-settinga av bekkekløfta reknast som ein minimumsverdi og at lokaliteten har potensial for høgare verdi.

NVE vurderer at rapporten om biologisk mangfald, innkomne fråsegner og sjekk av tilgjengelege databasar, gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak. NVE meiner at etter justerte planar vil påverknaden på naturbeitemarka vere redusert ved at tilkomstvegen til kraftstasjonen blir lagt i ytterkant av naturtypen. NVE vurderer at bekkekløftlokaliteten må forventast å få noko tørrare klima som følgje av redusert vassføring. Førekomen av rik edellauvskog vil i liten grad bli råka av tiltaket ettersom store delar av vassvegen vil gå i tunnel. Etter NVE sitt syn vil dei negative konsekvensane for naturtypar og artar vere avgrensa.

Olje- og energidepartementet sin vurdering

Etter departementet si vurdering vil utbyggingane i tråd med NVE sine vedtak ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald. Departementet legg til grunn at det er eit potensial for funn av meir verdifullt naturmangfald i tiltaksområda enn det som er registrert. Potensialet for funn av verdifulle naturverdiar som kan bli vesentlig råka av utbyggingane, slik som råmekrevjande artar på Rødlista, er etter departementet sitt syn avgrensa. Departementet vurderer at rapporten om biologisk mangfald, innkomne fråsegner og sjekk av tilgjengelege databasar, gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak.

Etter departementet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald. Føre-var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning inneber at ein må ha kunnskap og om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga. Den samla belastninga på naturmangfald, landskap og andre interesser skal vere ein del av konsesjonsvurderinga. Departementet finn at utbygging av kraftverka i tråd med NVE sine vedtak ikkje vil ha ein uakseptabel samla belastning for naturmangfald.

Når det gjeld prinsippet om at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, syner departementet til at det i løyva er sett vilkår om naturforvaltning mv. som sørgjer for at dette er ivareteke.

Departementet har tatt utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som ut frå ei samla vurdering og avveging av tidlegere, noverande og framtidig bruk gir dei beste samfunnsmessige resultata.

Prissatte verknadar

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnytta med Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva kraftverk vil vere produksjonen av fornybar energi. Kraftverka kan produsere totalt 31,2 GWh.

Tiltaka vil ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare vil utbyggingane bidra til inntekter til NK Småkraft AS, lokale grunneigarar og Rauma kommune.

Byggekostnadane for Rabbelva kraftverk er av søkjar berekna til 38,8 mill. kr (per 2015). Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,8 kr/kWh. Justert til prisnivå per 2017 vil berekna byggekostnad vere 40,8 mill. kr og spesifikk utbyggingskostnad 5,1 kr/kWh.

Byggekostnadane for Morgådalselva kraftverk er av søkjar berekna til 39,4 mill. kr (per 2015). Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,3 kr/kWh. Justert til prisnivå per 2017 vil berekna byggekostnad vere 41,4 mill. kr og spesifikk utbyggingskostnad 4,5 kr/kWh.

Byggekostnadane for Loftdalselva kraftverk er av søkjar berekna til 66,7 mill. kr (per 2015). Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,67 kr/kWh. Justert til prisnivå per 2017 vil berekna byggekostnad vere 70,2 mill. kr og spesifikk utbyggingskostnad 5,0 kr/kWh.

Departementet presiserer at usikkerheten i denne fasen normalt er betydeleg både når det gjeld faktisk produksjon og kostnader.

Prosjekta har relativt høge utbyggingsprisar. Departementet vurderer at prosjekter med desse kostnadane i noko mindre grad kan bere negative verknadar på landskap, naturmangfald og andre interesser.

Andre tilhøve

For ei nærare vurdering av tiltaka sine konsekvensar for naturmangfald, landskap, samla belastning mv., syner departementet til NVE sine bakgrunn for vedtak (KSK-notat 101/2015, 102/2015 og 103/2015). Departementet syner òg til NVE sine merknader til sakshandsaming med meir i oversendingsbrev av 22.4.2016. Departementet sluttar seg til NVE sine konklusjonar.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaka i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at inngrepa har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om tiltak for å redusere verknadane. Føremålet med utbyggingane er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet finn at fordelane utbyggingane medfører ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minste vassføringane som er fastsett.

Oppsummering

Kraftverka Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva vil med dei vilkår NVE har sett bidra med ein årleg produksjon på om lag 8,0 GWh, 9,2 GWh og 14 GWh fornybar energi. Tiltaka vil òg gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og Rauma kommune.

Departementet finn at utbyggingane av kraftverka i tråd med NVE sine vedtak, vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv, naturmangfald og andre interesser. For nærare vurderingar av avvegingane mellom fordelar og ulemper syner vi til NVE sine bakgrunn for vedtak (KSK-notat nr.: 101/2015, 102/2015 og 103/2015).

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved kraftverka Rabbelva, Morgådalselva og Loftdalselva er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagene frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Molde og Romsdals Turistforening blir ikkje tatt til følgje. NVE sine vedtak av 18.12.2015 vert halde ved lag.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd fyrste punktum.

Med helsing

Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Adresseliste

Molde og Romsdals Turistforening	Idrettsveien 2	6413	MOLDE
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal		6630	TINGVOLL

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
NK Småkraft AS v/Bård Moberg
Norges vassdrags- og energidirektorat
Rauma kommune